

# Nasjonaldagen blir til

Før 1814 var Noreg i union med Danmark. Det betyr at det var den danske kongen som bestemte over Noreg. Det var òg danske lover som galdt i landet.

Dette var det mange i Noreg som ikkje likte. Dei ønskte at Noreg skulle bestemme over seg sjølv og bli eit eige land.

I 1814 møttest difor 112 menn på Eidsvoll. Dei snakka saman og vart einige om nye lover for Noreg. Desse lovene vart kalla *grunnlova*.



Den 17. mai vart grunnlova ferdig og underskriven. Noreg skulle få styre seg sjølv og velje sin eigen konge.

I dag feirar vi 17. mai fordi Noreg fekk si eiga grunnlov denne dagen. Difor blir dagen òg kalla grunnlovsdagen.

*Spørsmål til teksten:*

1. Kva for land styrte Noreg før 1814?

---

2. Kvifor var det mange nordmenn som ikkje var nøgde?

---

---

---

3. Kvifor var grunnlova viktig for Noreg?

---

---

4. Kvifor blir 17. mai òg kalla grunnlovsdagen?

---

---